


Slik fungerer løysinga på Anda-Lote:



På **Anda-Lote** er det to felt på kaianlegget. Det eine er for kundar med AutoPASS-brikke. I dette feltet er det ein bom som opnar seg om ein har gyldig AutoPASS-brikke i bilen. Det er viktig at brikka fungerer, og at den er riktig plassert. Dette er kunden sitt ansvar.

Om bommen ikkje opnar seg, køyr i manuelt felt. Billettøren kan sjekke om brikka er gyldig når du er kome om bord med handhaldt brikkelesar.

Er du i tvil om brikka di fungerer, kan du allereie no sjekke med billettøren om bord.

Kundar utan brikke må køyre i manuelt felt. Desse kundane betalar kontant eller med bankkort til billettør.

Verdi og storbrukarkort kan brukast til og med 31.01.2019, kundar som ønskjer å betale med ferjekort i denne perioden må køyre i *manuelt felt*.

Om ein har gyldig brikke og køyrer i autopassfelt vil brikke bli belasta, billettør har ingen moglegheit til å slette belastinga på brikka.

Om brikka ikkje fungerer, må du ta kontakt med selskapet som har utstedt brikka. Sjå www.autopass.no for kontaktinformasjon.